



Jostein Jokiel
Myrdalsvegen 8 M
5130 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10430 - 20/43830

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
03.07.2020

Vi treng fleire opplysningar til søknaden om dispensasjon - gbnr 10/7 og 10/13 Rødland

Tiltak: Oppattbygging av løe
Byggjestad: Gbnr: 10/7 og 13

Tiltakshavar: Jostein Jokiel

Kommunen har mottatt søknaden din om dispensasjon den 28.05.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Nabovarsel og evt fullmakter


Dispensasjon skal nabovarlast. Dersom du mottar merknader frå eigarar, skal du senda dei til kommunen med dine kommentarar når fristen for merknad er ute.

Du eig gbnr 10/7 og 13 saman med to andre. Du bør leggja fram skriftleg samtykke frå desse før bygging. Vi krev som minimum for behandling av dispensasjonssøknad at du dokumenterer at dei er varsla.

Situasjonsplan

Du har ikkje lagt ved noko kart som viser plasseringa av nybygget, Vi har gått ut frå at det er på grunnmuren litt sørvest for våningshuset du vil bygga på.

Teikn inn plasseringa på vedlagte kart. Uthuset nordvest for våningshuset er ikkje registrert som rive. Gjeld det den bygningen, må du også søka om riving.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 17.08.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

10-7 og 13_kart
10-7 og 13_naboliste

Kopi til:

Kopi til:

Jostein Jokiel

Myrdalsvegen 8 M

5130

NYBORG

Mottakarar:

Jostein Jokiel

Myrdalsvegen 8 M

5130

NYBORG